



RIKSANTIKVAREN
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Frøydis Linden, 5557 2186

Høring av forslag - Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø

Høyringsutkastet til ny Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø skal legge vekt på engasjement, berekraft og mangfald. Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø skal sjå bevaring, bruk og utvikling i samanheng, og legge til rette for god ressursbruk, samhandling og sirkulærøkonomi (s. 5).

Statsforvaltaren i Vestland har ingen innvendingar til avgrensing eller deltema, utover innspela som vart gjort til disposisjonen for strategien i februar 2024. Vi ser det som positivt at ein ynskjer å legge vekt på næringsutvikling saman med mål om bevaring og vern.

Statsforvaltaren i Vestland har likevel nokre korte kommentarar til to av deltema:

Deltema 1 – Bygningar i jordbruket

Statsforvaltaren i Vestland støttar målet om å bevare gamle landbruksbygg, med særskild vekt på driftsbygningane og «enhetslåvene» på tuna. Det blir vist til ein rapport om landbruksbygg og kulturlandskap (s.15), men her saknar vi referansen. Vi minner difor kort om Statsforvaltarembeta sine tidlegare ordningar og satsingar knytt til Ny bruk av ledige landbruksbygg. Det var både tilskotsordningar, rettleiingsmateriale og dokumentasjon knytt til desse prosjekta, som fremdeleis kan vere aktuelle å friske opp. På grunn av fylkessamanslåingar og omlegging av nettsider, har nok noko informasjon ha «forsvunne» på nett. Nokre dømer er likevel:

[Ny bruk av ledige landbruksbygg \(Fylkesmannen i Norland\)](#)

[Norges låver - Skald](#) – et dokumentasjonsprosjekt initiert av Fylkesmannen i Hordaland

[Bill.mrk. «slitent fjøs søker eier» – NRK Vestland](#)

Eit av effektmåla er å sjå at fleire setrar vert tekne i bruk i strategiperioden. Tradisjonelt har ein sett på seterdrift i regionane knytt til Fjellandbruket og satsingar i denne regionen. Vestlandet har óg ein rik seterkultur, og Vestlandsfylka bør involverast dersom ein ser for seg satsingar på auka seterdrift. Statsforvaltarane i vestlandsfylka vil vere eit naturleg kontaktpunkt i så måte, og kan bidra til mobilisering i ei slik satsing.

Til slutt ein kort kommentar til s. 14 kor Det store hamskiftet vert nemnt, men då knytt til introduksjon av kraftfôr og kunstgjødsel. Vi trur kanskje at de meiner den Grøne revolusjonen, som



kom med mellom anna kraftfôr, kunstgjødsel og plantevernmiddel frå 1950-talet og utover. Det store hamskiftet handla meir om utskifting av jord og mekanisering av jordbruket med introduksjon av reiskap for hest og seinare traktor.

Deltema 3 – Kulturmiljø i skogen

I avsnittet om Utdfordringer og muligheter vert det vist til PEFC-skogsertifiseringssystemet som inkluderer kulturminne. Statsforvaltaren i Vestland vi understreke at dette er bransjen sin eigen standard, og er utarbeidd for å selje tømmer. En bransjestandard vil alltid vere i endring og styrast av bransjen sjølv. Det har nokre ulemper når ein skal kontrollere ordninga. PEFC er ingen forskrift og moglegheitene for å sanksjonere er «bransjeinterne».

Ein kan difor i tillegg bruke lovverk som støtte for å verne og ta vare på kulturminne i skog: Skogloven, spesielt paragraf 13, under overskrifta Vernskog.

§ 13. Skogområde av særleg miljøverdi

Departementet kan ved forskrift leggje strengare restriksjonar på skogbehandlinga i skogområde av særleg miljøverdi knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv eller kulturminne enn det lova elles gir heimel for når skogbehandlinga kan føre til vesentleg skade eller ulempe for desse verdiane.

Med andre ord kan ein opprette vernskog for skog som er særskild verdifull for kulturminne, og ein kan legge til restriksjonar for korleis skogen skal drivast i dette området.

Vi minner elles om at omgrepet kjerneved mest er knytt til treslaget furu, medan ein i strategien truleg ynskjer å famne om alle verdifulle treslag til vidareforedling og bygg? Muleg ein her kan nytte ord som sakteveksande skog eller andre omgrep for å seie noko om kvalitet, og eit ynskje om eit mangfald av kvalitetar.

Vi har og eit ynskje om at ein under Interesser og aktører nemner spesielt Norsk Bygdesagforening, som organiserer 239 bygdesager, kor mykje av spesialvirke vert vidareforedla. Vi vil til slutt nemne at Fylkesskogselskapa er ein samarbeidsarena for formidling om skog til utdanning og skuleverk, som bør nyttast med tanke på aktivitetar under Opplevelse og engasjement.

Tilleggspunkt for aktivitetar og tiltak

Under kvart deltema er det eksempel på aktivitetar og tiltak ein kan arbeide med for å realisere strategien. Under Opplevelse og engasjement er ikkje turisme og reiseliv nemnt, men for mange deltema er turisme og besøksforvaltning viktige arbeidsområde i framtida. Med tanke på at strategien skal legge meir til rette for næringsverksemd og samhandling, kan det truleg vere positivt å understreke samarbeid om turisme og besøksforvaltning både på regionalt og kommunalt nivå.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
Ass. landbruksdirektør
ass. landbruksdirektør

Frøydis Linden
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent